

Straum trugar torsk

Kraftproduksjon kan vera årsak til at kysttorsken har forsvunne mange stader.

OVE A. OLDERKJÆR
ove.olderkjaer@bt.no

Stipendiat Mari Skuggedal Myksvoll (biletet) ved Havforskningsinstituttet har i si ferske doktorgradsavhandling undersøkt korleis fjordmiljø styrer lagnaden til torskeegg og larvar. Der lyftar 28-åringen fram noko som truleg er endå ei viktig årsak til at det ikkje lenger sym torsk i enkelte fjordar: Kraftproduksjonen som medfører endra straum- og temperaturforhold i fjordbassenga.



Den norske bestanden av kysttorsk har gått tilbake sidan 1982, og er nord for Stad offisielt ein sterkt truga dyreart. Også i sør er det slått alarm. Frå 2012 er minstemålet for fanga torsk og maskevidda for botngarn auka i eit forsøk på å få opp bestanden.

Ny kunnskap

Til no er overfiske, lakseoppdrett, mangel på utklekkingsområde og klimaendring utpeikt

som moglege forklaringar på at kysttorsken ikkje lenger finst i så store mengder som før. Med kartlegging av korleis torskeegg blir transportert under ulike fjordforhold, har Havforskningsinstituttet framskaffa ny kunnskap om svikten i det historiske fiskeriet.

–Vi kan ikkje oversjå endra sesongmønster som følgje av vasskraftproduksjon som ein medverkande faktor til nedgangen, skriv Myksvoll i oppgåva.

Regulering av vassdrag for kraftproduksjon kan gjere at ferskvatn blir sleppt ut i fjordane til andre tider enn det som har vore naturleg. Visst dette fell saman med torskens sin gyteperiode tidleg om våren, kan egg og larvar bli overraska av endra salt-, temperatur- og straumforhold og ført av garde langt bort frå det som ville vore eit naturleg oppvekstområde.

20 prosent mindre

Myksvoll og forskarkolleger har med utgangspunkt i to fjordsystem i Nord-Noreg analysert korleis torskeavkom blir spreidd med straumane i sjøen. Mesteparten av egg og larvane blir verande att i fjorden, både med og utan ekstra tilførsel av ferskvatn i gyteperioden. Men auka vassføring tidleg om våren reduserer sjansen for at torskeegg blir verande att i fjorden



FORSVINN FRÅ FJORDEN: Auka vassføring tidleg om våren reduserer sjansen for at torskeegg blir verande att i fjorden med om lag 20 prosent, er konklusjonen i doktoravhandlinga. FOTO: SCANPIX

med om lag 20 prosent, er konklusjonen.

Tilførsel av ferskvatn frå elvane er ikkje det einaste som påverkar straumforholda i dei øvre sjølag i fjordane. Også vind verkar sterkt inn. Doktorgradstudien viser at god informasjon om lokale vindforhold er viktig

for å få kunnskap om korleis straumane går og fiskeegga spreier seg.

Lokale stammer

Kysttorskens lever i tarebeltet og heilt ned til 500 meters djup. Fisken gyt i skjergarden eller i pollar og vågar inne i fjorda-

ne i perioden februar – april. Torskeegga – opptil fem millionar per fisk – blir klekte etter eit par veker, og blir til små larver som tek til å beita på plante- og dyreplankton. Dei som ikkje blir mat for andre sjødyr, veks opp i strandsona ned til 20 meters djup.

Gullvekten.no
150 ÅRS BRANSJEERFARING



NORGES STØRSTE
GULLOPPKJØPER
NÅ OGSÅ I BERGEN



VI TILBYR

- ✓ Samme pris som på nett!
- ✓ 14 dagers angrefrist!
- ✓ Ingen gebyrer ved levering!
- ✓ Vi holder det vi lover!
- ✓ Vi kjøper også sølv!

VI KJØPER DITT
GULL

Gullvekten – først og størst i Norge
Se www.gullvekten.no

Ring for avtale **02461**